



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

08.11.2023

Vår ref:

2023/15475

Dykkar dato:

12.10.2023

Dykkar ref:

200703718

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om forlenga byggjefrist for Høyland minikraftverk i Etne kommune

Dersom det blir gitt forlenga byggjefrist for Høyland minikraftverk, bør det stillast oppdaterte krav om avbøtande tiltak for å ivareta ål og fossefall. Ut over det har vi ikkje avgjerande merknader til søknadsgrunnlaget.

Vi viser til høyringa av søknaden om forlenga byggjefrist for Høyland minikraftverk.

Vår vurdering

Etnevassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag og varig verna mot kraftutbygging. NVE meinte at føresetnader gitt i konsesjonsvedtaket skal sikre at ei utbygging ikkje vil påverke laksen nemneverdig. Vassuttaket skal vere tilpassa eit nivå som skal oppretthalde ei romsleg vassføring med naturleg dynamikk, og det var elles ikkje venta at vernegrunnlaget ville bli vesentleg negativt påverka.

I konsesjonsvedtaket er det lagt til grunn at vandringsveg for eventuell ål (sterkt truga – EN) skal ivaretakast gjennom eit fiskevennleg inntak av typen coanda. Eit nytt lokalt innspel i saka opplyser at det vandrar ål opp til vatnet Tosko/Høylandstoska, og ein åleforskar frå Havforskningsinstituttet støttar at Høylandselva representerer eit viktig leveområde for arten.

Ifølgje det nemnde lokale innspelet skal det vere sett storsalamander ved utløpet av Høylandstoska. Vi har ikkje vore kjend med denne registreringa, som ikkje ligg inne i Artskart og heller ikkje er omtalt i naturmiljøkartlegginga. Ut frå at inntaket er planlagt godt nedstraums vatnet, er det uansett ikkje grunn til å vente at ei utbygging vil påverke eventuell førekomst.

Det er registrert elvemusling i Sørrelva, og det lokale innspelet fortel om tidlegare funn av elvemusling i nedre del av Høylandselva. Det bør leggjast til grunn at heile androm strekning, inkludert i sideelvar, kan vere leveområde for arten. Plassering av kraftverk og slukeevne er tilpassa anadrom fisk, og dette vil òg ivareta eventuell elvemusling. Anleggsfasen kan vere kritisk, og det er viktig å unngå at elvebotnen blir slamma ned eller ureina på annan måte. Tiltakshavar bør klargjere i eventuell detaljplan kva tiltak som blir iverksett for å unngå at elva blir forureina.

E-postadresse:
sfvpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vi
Org.nr. 974 760 665



Naturmiljøutgreiinga som låg til grunn for konsesjonsvedtaket er basert på feltarbeid 6. juni 2006. Dette var eit gunstig tidspunkt til å registrere naturmangfald, og var i hekkesesongen for fugl. Det blei ikkje påvist viktige naturtypelokalitetar som kunne bli påverka av ei utbygging. Det blei registrert fossefall som truleg hekkar langs elva, noko som ikkje er nemnt/vurdert i bakgrunnsdokumentet for konsesjonsvedtaket.

Ny kartlegging etter oppdatert rettleiar blei utført 21. september 2022. Dette er for seint til å kunne undersøke hekkefugl og kartplanteflora, men framleis gunstig for å kartleggje mosar og lav. Konklusjonen er at inngrepa knytt til inntak, røyrgate og kraftstasjon ikkje vil påverke viktig terrestrisk naturmiljø, og at det primært er det akvatiske miljøet som vil bli påverka. Elvevassmassar er ein raudlista naturtype (nær truga – NT) etter dei nye kriteria, og ei utbygging vil påverke denne naturtypen negativt. Konsekvensar for viktig akvatisk naturmiljø har vi omtalt ovanfor, og vi har ikkje vesentlege merknader til naturmiljørapporten ut over dette.

Dersom konsesjonen blir vidareført gjennom vedtak om forlenga byggjefrist, må det stillast klare krav om at vandringsveg både oppstraums og nedstraums skal ivaretakast for ålen. Vi legg til grunn at det blir nytta fiskefagleg kompetanse i detaljplanlegginga og i anleggsfasen, og at det blir dokumentert at tiltaka fungerer som tilsikta. Vidare bør det stillast krav om å støype ei hekkehylle for fossefall i kraftverksavløpet, noko som har gitt godt resultat ved andre vasskraftutbyggingar. Eit slikt enkelt og praktisk tiltak i byggjefasen, vil redusere behovet for å påleggje kraftverkseigar å gjennomføre avbøtande tiltak i driftsfasen.

Vi minner om § 7 i forureiningslova om å unngå forureining. Vi legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets veileder M-1243. Alle massar skal vurderast etter ressurspyramiden, og at det må vurderast samfunnsnyttig bruk før det eventuelt blir planlagt deponering. Vi minner om at eventuelt betongavfall skal handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.

Med helsing

Gry Walle
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Etne kommune

Postboks 7900
Sjoarvegen 2

5020
5590

BERGEN
ETNE